



Handbok 2018

For lag og organisasjonar i Sveio



Foto: Ida K. Vollum

Retningsliner revidert 2014

STØNADSORDNINGAR 2018

I dette heftet finn du oversikt over ulike stønadsordningar retta mot lag og organisasjonar. Oversikten gjeld både kommunale og statlege ordningar. I tillegg finn du retningslinene for dei kommunale stønads- og tilskotsordningane.



1. KOMMUNALE OG STATLEGE STØNADSORDNINGAR

Vedlagt følgjer informasjon som me håpar kan vera til hjelp for tillitsvalde.

Heftet inneheld oversikter og fullstendige reglar og retningsliner for dei einskilde ordningane.

Første dato som alle tillitsvalde må merka seg er 1. mars kvart år. Dette er søknadsfristen for ulike ordningar:

Stønad til drift av lag og forsamlingshus ("kulturmidlane")

Tilskot til materiell og utstyr.

Tilskot til leikeplassar.

Søknadsfristane for desse og andre ordningar blir kunngjort i Vestavind og på kommunen si nettside/facebookside. Merk at søknader med manglar og for seint innsendte søknadar normalt ikkje vil bli handsama.

Kulturstipend/kulturpris

Frist for å koma med forslag på kandidatar til, ev. søkja om kulturstipend/kulturpris, er 31. mai kvart år. Kulturstipend/kulturpris deles ut annakvart år slik: Kulturstipend i partalsår, kulturpris i oddetalsår.

Følgjekort

Det vert minna om at alle lag som tar imot driftsstønad fra kommunen må godta bruk av såkalla følgjekort på sine opne arrangement. Det tyder i praksis at funksjonshemma som må ha følgje, skal betala vanlege inngangspengar for seg sjølve, men har rett til ein person fritt som følgje.

Ordninga gjeld berre mot framvising av bevis med bilde. Beviset skal vera skrive ut av kommunen den funksjonshemma høyrer heime i (ordninga er interkommunal).

Ta elles kontakt om noko er uklart med omsyn til regelverk.

Søknadsfrist på dei ulike ordningane er som oppført i oversikten på dei neste sidene.

Søknadsskjema finn du på [nettsida til kommunen](#).



1.1 Kommunale stønadsordningar

Kommunal driftsstønad til lag og forsamlingshus (kulturmidlane)

Vedtekne reglar:	Ja
Eige søknadsskjema:	Ja
Søknadsfrist:	01. mars.

Kurstønad (leiar/instruktør eller utøvarkurs)

Vedtekne reglar:	Ja
Eige søknadsskjema:	Ja
Søknadsfrist:	Seinast ein månad etter avslutta kurs.

Retningsliner for tilskott til materiale og utstyr

Vedtekne reglar:	Ja
Eige søknadsskjema:	Ja
Søknadsfrist:	01. mars

Retningsliner for tilskott til leikeplassar

Vedtekne reglar:	Ja
Eige søknadsskjema:	Ja
Merknad:	Søknadsfrist: 01. mars

Vigdartun

Utleige/utlån av Vigdartun

Vedtekne reglar:	Ja
Eige søknadsskjema:	Nei
Søknadsfrist:	Ja, 1. mai for utlån til trening/øving Utleige seinast 3 veker før arrangement.
Merknad:	Utleige omfattar idrettshall, auditoriet, musikkrom, vestibyle, kjøkken, møterom etter fastsette prisar. Leige må betalast for aktivitet som ikkje er terminfesta. Utlån omfattar idrettshall, auditoriet, musikkrom og møterom.



1.2 Statlege stønadsordningar

Ved bruk av statlege stønadsordningar skal alle søknader gå gjennom kommunen. Ta derfor kontakt med kulturavdelinga for nærare opplysningar og informasjon i god tid før laget skal senda søknaden.

Spelemidler til kulturbygg

Vedtekne reglar:	Ja
Eige søknadsskjema:	Ja, ligg på www.idrettsanlegg.no
Søknadsfrist:	Førebels melding 1. juni. Endeleg frist 1. februar.
Merknad:	Inntil 1/3 av godkjent kostnad, avgrensa maksimum og minimum.

Stønad til bygging og rehabilitering av idrettsanlegg frå spelemidlane

Vedtekne reglar:	Ja
Eige søknadsskjema:	Ja, på www.idrettsanlegg.no
Søknadsfrist:	Førebels melding 1. juni Skriftleg melding innan 1. november
Merknad:	Inntil 1/3 av godkjent kostnadsoverslag, avgrensa oppover av ein sum som varierer alt etter anleggstype. Anlegget må stå oppført på prioriteringslista i kommunedelplan for idrett og fysisk aktivitet.

Stønad til bygging og rehabilitering av nærmiljøanlegg

Vedtekne reglar:	Ja
Eige søknadsskjema:	Ja, på www.idrettsanlegg.no
Søknadsfrist:	Førebels melding 1. juni Skriftleg melding innan 1. november
Merknad:	Inntil 50 % av godkjent kostnadsoverslag, maks tilskott kr. 300.000, min. tilsk. 25 000. Anlegget må stå oppført på prioriteringslista i kommunedelplan for idrett og fysisk aktivitet.

Meir informasjon om spelemidler finn du på nettstaden til Sveio kommune, www.sveio.kommune.no/kultur-og-idrett/spelemidler/



2. GENERELT TIL RETNINGSLINER FOR KOMMUNALT TILSKOTT INNAN KULTURFELTET

Om rett til tilskott

Alle foreiningar, lag og klubbar som driv med førebyggjande og aktiviserande arbeid i Sveio kommune, basert på frivillig arbeid og i tråd med dei vedtekne retningslinene, har rett på tilskott.

Tilskotta har som siktemål å stimulera aktiviteten innan foreininga.

For Hovudutval for oppvekst og kultur er det ein særleg målsetjing at alle grupper av befolkninga får eit reelt tilbod om aktivisering i si fritid og ein vil derfor ta særleg omsyn til aktivitetstilbod for svake grupper; barn, unge og eldre, når tilskott skal fordelast.

Det blir stilt følgjande krav for at ein organisasjon generelt skal ha rett på tilskott:

- organisasjonen skal ha minst 10 aktive medlemmer/deltakarar. Medlemstalet skal kunna dokumenterast.
- foreininga/laget skal yta ein eigeninnsats på minimum kr. 100,- pr. medlem pr. år. (Med eigeninnsats meiner ein m.a kontingent, gåve, kollekt og arbeidsinnsats)
- ha minst 8 møter/tilstellingar pr. år
- ein organisasjon med rett på stønad må i prinsippet vera open for alle og ha eit demokratisk vald styre.
- unntak frå desse reglane kan gjerast i spesielle tilfelle.

Hugs:

- alle underavdelingar i foreininga/laget skal fremme sine søknader gjennom sitt hovudstyre, dersom slik finnest i kommunen.
- Sveio kommune – kulturavdelinga, har til ein kvar tid rett til å undersøkje om grunnlaget for tilskott er til stades og korleis løyvde midlar blir nytta.
- Sveio kommune har vedteke at lag, foreiningar og organisasjonar som mottar tilskott frå kommunen, må akseptera "Følgjekortordning for funksjonshemma" ved arrangement i regi av laget, foreininga eller organisasjonen.
- i høve der ein får utbetalt midlar på feile premisser, blir mottakar ansvarleg for tilbakebetaling.
- Det er ein føresetnad at laget/forsamlingshuset følgjer alkohollova ved eigne arrangement, og tek ansvar for at andre brukarar av forsamlingslokalet gjer det same. Ved grunngeven mistanke om alvorlege brot på alkohollova kan søknad om støtte bli avslått, eller utbetalt støtte bli kravd tilbakebetalt. Døme på alvorlege brot er arrangement der mindreårige har tilgang på alkohol, eller at det pågår skjenking utan at det er søkt skjenkeløyve.



Høve der ein ikkje har rett på tilskott

Unnateke frå nemnde reglar er:

- foreiningar som blir drivne på forretningsmessig basis.
- organisasjonar som har til oppgåve å ta vare på medlemmene sine yrkesmessige interesser, t.d aktivitetar knytt til bedrifter.
- konfirmasjonsførebuingar o.l.
- paraplyorganisasjonar med medlemslag i fleire kommunar, eller regionale lag som dekkjer fleire kommunar.
- reine interesseforeiningar
- foreiningar/lag som arbeidar aksjonsprega eller der foreiningar/lag kan forventa å ha relativt kort levetid
- organisasjonar som får anna driftstilskott, td kyrkjesamfunn har ikkje rett på ordinært driftstilskott, men kan søkja på andre ordningar

Om sakshandsaming

Alle søknader om tilskott skal skrivast på eige skjema der dette er utarbeidd, og sendast til kulturavdelinga. Etter at søknaden er handsama, skal søkjar ha skriftleg melding om vedtaket som er gjort.

For vedtak gjort administrativt av kulturavdelinga i.h.t delegasjonsfullmakt, er hovudutval for oppvekst og kultur klageinstans.

Søknadar som fell utanfor dei ordinære ordningane vil bli vurdert fortløpande opp mot budsjettet.

Mangelfulle søknadar

Søknadar med manglar og for seint innsendte søknader vil normalt ikkje bli handsama. Vedlegg kan ettersendast inntil ein månad etter søknadsfristen. Det må opplysast om dette i søknaden. Det blir ikkje sendt ut purring på manglande vedlegg.

Opplysningar om andre offentlege tilskott

Det skal førast opplysningar i søknaden om:

- alle offentlege (kommunale, fylkeskommunale og statlege) tilskott siste år, type og storleik
- om det blir søkt om andre tilskott dette året og til kven

Storleik på tilskott/eigenkapital/eigenfinansiering

Maksimum tilskott til prosjekt er avgrensa til den eigenfinansieringa som søkjar sjølv går inn i prosjekt med. Eigenfinansiering er: kontantar, gåver, rabattar og dugnad, som skal dokumenterast ved utbetaling av tilskott.



Organisasjonar med underavdeing

Søknadar frå underavdelingar/avdelingar/grupper skal setjast fram gjennom hovudstyre til hovudorganisasjonen i prioritert rekkjefølgje. Denne prioriteringa skal vera underskrive av leiar/formann.

Fleire søknader på same tilskottsordning

Organisasjonar med fleire søknader på same tilskottsordning (ikkje driftstilskott), skal fremje søknadene gjennom sitt hovudstyre/hovudorganisasjonen i prioritert rekkjefølgje. Denne prioriteringa skal vera underskrive av leiar/formann.

Vedteke i Sveio kommunestyre 21. september 1988. Reviderte retningsliner vedtatt i hovudutval oppvekst/kultur 17.11.2014.



3. RETNINGSLINER FOR STØNAD TIL DRIFT AV LAG OG FORSAMLINGSHUS I SVEIO KOMMUNE

Generelt

Kommunestyret set årleg av ein sum på budsjettet, for tida under post 14490. Løyvinga på denne posten kan nyttast til stønad til drift av (inkl. husleigestønad) og oppstart av organisasjonar innan kommunen. Tilskott er avgrensa til den summen som er avsett i budsjettet, jfr. kommentardelen.

Organisasjonar som primært tek seg av medlemmene sine yrkesinteresser, økonomiske interesser eller andre særinteresser, har som oppgåve å samla inn pengar til ymse tiltak, eller politiske organisasjonar, kan til vanleg ikkje få stønad. Kyrkjesamfunn som får statsstøtte blir ikkje rekna som frivillige organisasjonar. Det kan likevel søkjast om støtte til undergrupper som blir drivne på frivillig basis, dersom desse elles fell inn under retningslinene.

Løyvinga på posten kan og nyttast til stønad til drift av forsamlingshus.

Søknads- og handsamingsprosedyre

Løyvingane vert utdelt ein gong i året, og fastsett søknadsfrist skal lysast ut i lokalavisa og på kommunen sin nettstad/facebookside.

Søknadene skal sendast på fastsett skjema og til fastsett frist. Særlag og undergrupper skal fremja søknadene sine gjennom hovudlaget. For seint innkomne eller mangelfullt utfylte søknader kan verta avslag. Urette opplysningar, eller brot på retningslinene for stønad, fører til tap av rett til stønad i minst eitt år.

Kulturavdelinga har fullmakt til å dela ut midlane i samsvar med gjeldande delegeringsreglement. Før utdeling skal søknadene som kjem frå dei aktuelle laga sendast til Idrettsrådet i Sveio og eventuelle andre felles rådsorgan der slike finst.

RETNINGSLINER FOR TILDELING

Driftsstønad for lag og organisasjonar:

Driftsstønad vert gjeven til frivillige lag og organisasjonar som driv kontinuerleg verksemd i kommunen, slik det er nedfelt i dei generelle retningslinene. Arbeidet mellom barn og unge skal ved tildeling prioriterast særleg høgt.

Ein organisasjon med rett til stønad må i prinsippet vera open for alle og ha eit demokratisk vald styre. Minste tal for betalande, aktive medlemmer er 10.



Ved tildeling av tilskot skal det elles leggjast vekt på:

- talet på aktive, betalende medlemmer, med særleg vekt på barn og unge. Dokumentasjon av medlemstal skal følgja søknaden.
- aktivitetsnivå
- vurdering av årlege utgifter (rekneskap og budsjett)
- om eit lag driv særleg kapitalkrevjande aktivitet
- behov for ekstra stønad til særleg svake grupper

Unntak frå reglane om betalende medlemmer og vald styre kan gjerast for sundagsskulane og ymse barneforeiningar.

Forsamlingshus:

Til delvis dekking av utgifter til eigne/ leigde lokale/ anlegg kan det løyvast stønad etter nærare vurdering av utgiftene. Stønad til utgifter ved bruk av eigne lokale skal ved tildeling sjåast i samanheng med stønad til driftsutgifter til same.

Det kan også gjevast stønad til delvis dekking av eit hus sine dokumenterte driftsutgifter der det i huset i hovudsak vert drive kulturarbeid av ymse slag. Stønaden skal vurderast i kvart einskild tilfelle ut frå økonomiopplysningar.

Det kan ikkje gjevast stønad etter denne ordninga der samfunnshusa vert drivne som del av skulebygg og dermed får ein stor del av driftsutgiftene dekkja over skulebudsjettet.

Startstønad:

Det kan gjevast eingongsstønad til start av nye lag.

Føresetnaden er at det er vald eit styre/ interimsstyre, at laget er ope for alle og har minst 10 aktive, betalende medlemmer.

Reorganisert lag kan få startstønad når drifta vert teken opp att etter minst 3 års stans.

Startstønad må søkjast om på same måte som støtte til drift av lag og forsamlingshus, og vil bli tatt frå same potten.

Unntak frå regelen om betalende medlemmer og vald styre kan gjerast for ymse barneforeiningar.

Retningslinene er vedtekne i Sveio kommunestyre 21. september 1988.

Reviderte retningsliner vedteke i HOK 17.11.2014.

Til fordeling i 2018: Kr 280 000



4. RETNINGSLINER FOR KURSSTØNAD

Formål:

Ordninga har som formål å:

- letta dagleg drift og gjera organisasjonsarbeidet betre ved å stimulera til skulering av leiarar og instruktørar.
- Heva utøvarnivaet og skapa inspirasjon til vidare arbeid slik at det totalt kan oppretthaldast eit godt, frivillig kultur- og fritidsarbeid i Sveio kommune.

Generelt:

Kommunestyret set årleg av ein sum på budsjettet. Løyvinga på denne posten kan nyttast til kursstønad til organisasjonane som er aktive innan felte kultur og fritid (knytt til det utvida kulturomgrepet).

Organisasjonar som primært tek seg av medlemmene sine yrkes- eller økonomiske interesser, har som oppgave å samla inn pengar til ymse tiltak, er knytt til næreringsverksemd, eller kan klassifiserast som annan interesseorganisasjon (pasientforeining m.fl), pluss politiske parti, kan ikkje få stønad etter denne ordninga. Ordninga gjeld berre lag som høyrer til i Sveio kommune.

Det kan heller ikkje gjevast støtte til reint inntektsgivande kurs (kurs for ikkje - medlemmer, kurs med tema som ikkje er knytt til laget sitt vanlege arbeid og reine hobbykurs som ikkje fører til vidare aktivitet i laget).

Deltaking på årsmøte og/eller konferansar i fylkes- og eller landsnivå i ein organisasjon vert ikkje rekna som kursdeltaking med mindre det vert lagt opp til særlege kurs/seminar knytt til møtet. I slike tilfelle må søkjar kontrollera at berre utgifter relatert til kurset vert ført i søknad om stønad.

Søknads - og handsamingsprosedyre:

Søknad om kursstønad skal sendast til Sveio kommune på fastlagt skjema og med nødvendige vedlegg som dokumenterer kursopplegg, deltaking og utgifter, seinast ein månad etter at kurset er avslutta.

Rådmannen får fullmakt til å fordela avsette midlar til søkjarane. I tvilstilfelle kan rådmannen leggja fram saka for det politiske utvalet som har ansvar for kultursaker. Kursstønaden vert kvart år fordelt samla, i byrjinga av desember månad. Søknader som er komne inn etter 1. desember i søknadsåret vert automatisk overførte til neste års handsaming.

Ved tildeling skal alle søkjarar få dekkja prosentvis like stor del av totalkostnadane (avrunda). Likevel slik at den prosentvise tildelinga vert dobbel sa stor for leiaropplæring som for utøvaropplæring.

Det er ein føresetnad for stønad til leiar- og instruktørkurs at deltakarane har eller går inn i leiar - eller instruktørfunksjon i laget.

Særskilt om tilskipping av kurs:

Det skal ikkje gjevast kommunal stønad til tilskipping av kurs som får/kan fa statlege vaksenopplæringsmidlar.



Alle kurs må ha minst 10 undervisningstimar og 8 deltakarar. Kveldskurs må i tillegg ha minst to undervisningskveldar.

Retningslinene er vedtekne av Sveio kommunestyre 17.02.97, sak 2/97

Til fordeling i 2018, kr 25.000.



5. RETNINGSLINER FOR TILSKOT TIL LEIKEPLASSAR

1. Kulturavdelinga i Sveio kan kvart år dela ut tilskott til leikeutstyr, gjerdemateriale og anna materiale til leikeplassar i nærmiljø og byggefelt. Det er ein føresetnad for tilskott at området er allment tilgjengeleg. Leikeplassar ved skulane og ved barnehagane er i regelen unnateke frå denne ordninga.
2. Dei som søker tilskott etter denne ordninga må dokumentera eigedomsrett til det aktuelle området eller avtale om disposisjonsrett for minimum 5 år.
4. Dugnad kan gå inn som del av finansieringa etter gjeldande satsar. Talet på dugnadstimar må stå i forhold til omfanget av arbeidet, og må dokumenterast.
5. Søknaden må innehalda/ha vedlegg som viser:

Plan for arbeidet
Orientering om/kart over området
Kostnadsoverslag/pristilbod
Finansieringsplan.
Dokumentasjon av dugnadstimar

Stønadene vert avgrensa til maksimalt 50% av total kostnad. Ved særleg kostnadskrevjande leikeplassutstyr kan tilskott sparast opp over 2 år. Det må søkjast om tilskott kvart år. Minste totale kostnad for å få stønad er kr. 3000. Det er eit krav at området må ha nødvendig sikringsutstyr (td fallsand og gjerde) før det blir gitt støtte til nye leikeapparar. Sikringsutstyr kan inngå i søknaden.

Mangelfulle søknader vert avvist.

6. Stønadene vert kvart år avgrensa av dei midlar som er sett av til formålet på budsjettet.
7. Innvilga stønad vert utbetalt når materialet er innkjøpt og (kopi av) rekning/faktura er sendt kulturkontoret, saman med endeleg rekneskap (eige skjema).

Til fordeling i 2018: Kr 45 000, av desse vert kr 10 000 nytta til kollektiv forsikring i Norges velforbund.

SØKNADSRIST: 1. mars

*Vedtatt av Sveio kommunestyre 30.03.92, sak 28/92,
Reviderte retningslinjer vedtatt i hovudutval oppvekst/kultur 17.11.2014, sak 017/14*



6. RETNINGSLINER FOR TILSKOTT TIL MATERIELL OG UTSTYR

1. Kulturstyret i Sveio kan kvart år dele ut tilskott til delvis finansiering av materiale/utstyr som er nødvendig for å drive ei foreining.

Stønaden vert avgrensa til maksimalt 25% av total kostnad.
Minste totale kostnad for å få stønad er kr. 3000 Tilskottet til ein gjenstand skal ikkje overskride kr. 5000. -.

2. Kvart lag kan normalt få stønad til maksimalt ein gjenstand pr. år. Søkjar kan likevel setje saman "pakker" når dei ulike gjenstandane i pakka knapt/ikkje kan brukast utan at pakka er komplett. Det kan gis stønad til gjenstandar innkjøpt i inneverande år.

Tiltak som får stønad over anna kommunalt budsjett kan ikkje få stønad etter denne ordninga.

Ordninga omfattar ikkje utstyr som normalt inngår/kan inngå som inventar/fast utstyr i forsamlingshus eller andre hus brukt som møtelokale/-stad for ulike lag.

3. Søknaden må innehalda/ha vedlegg som viser

Dokumentasjon av behov
Kostnadsoverslag/pristilbod
Finansieringsplan

Mangelfulle søknader vert avslått

4. Stønaden vert kvart år avgrensa av dei midlar som er sett av til formålet på budsjettet.
5. Innvilga stønad vert utbetalt når materialet er innkjøpt og original rekning/faktura er sendt kulturkontoret, innan 3 mnd etter innkjøp og seinast 1. desember.

SØKNADSRIST 01. mars

Vedtekne av Hovudutval oppvekst/kultur 17.11.2014, sak 017/14

Til fordeling i 2018: Kr 25 000



7. RETNINGSLINER FOR TILDELING AV KULTURSTIPEND

Generelt

Det kan annakvart år delast ut kulturstipend i Sveio kommune. Storleiken på kulturstipendet vert fastsett i samband med budsjetthandsaminga.

Formål

Kulturstipendet skal primært delast ut innan områda idrett og kultur. Stipendet skal vera til hjelp for stipendmottakarane i vidareutvikling innan sitt område, og også tena som stimulans til vidare innsats for kulturlivet i kommunen.

Kriteria

Kulturstipendet deles primært ut til einskildpersonar fra Sveio kommune. I spesielle tilfelle kan stipendet gis til ei gruppe. I særlege tilfelle kan stipendet gis til personar som ikkje er busett i Sveio kommune, men som på ein eller annan måte er knytt til kulturlivet eller idrettsmiljøet i kommunen.

Stipendet skal delast ut etter følgjande hovudkriteria:

Søkjjar skal grunngje søknaden best mogleg og vise til korleis stipendet skal nyttast.

Stipendet skal i prinsippet ikkje kunne delast ut med sikte på ordinærere studiar.

Stipendmottakar skal gje ein kort rapport om bruk, erfaring og utbytte.

Dersom ikkje anna er avtalt skal tildelt stipend nyttast til omsøkt formål innan eitt år etter tildeling.

Tildeling

Avgjerd om kven som får stipendet, blir teke av det utvalet som har avgjerdsmynde, etter Sveio kommune sitt delegeringsreglement. Sakshandsamar på kulturavdelinga førebur saka, som blir framlagt utan forslag til vedtak.

Den som har avgjerdsmynde står fritt til å vurdere om det skal delast ut stipend, og kor mange som skal delast ut.

Utdeling

Utdeling av kulturstipendet blir gjort av ordføraren i Sveio kommune ved eit høveleg arrangement.

Søknadsfrist: 31. mai

Vedtekne av kommunestyret i Sveio 19.09.05 sak 05/722



8. RETNINGSLINER FOR TILDELING AV KULTURPRIS

Generelt

Det kan annakvart år delast ut ein kulturpris i Sveio kommune. Kulturprisen skal vera eit diplom og ein kunstgjenstand. Storleiken på kulturprisen vert fastsett for kvart år i samband med budsjetthandsaminga.

Formål

Kulturprisen skal primært vera ein honnør for langvarig og/eller særskild betydningfull innsats for kulturlivet i Sveio.

Kandidatar

Kulturprisen kan delast ut til enkelt personar, grupperingar eller organisasjonar for deira innsats for kulturlivet i kommunen. Kulturprisen kan ved særskilde høve delast ut til personar busett utanfor kommunen, men som likevel fremjer kulturlivet i Sveio. Prisen kan normalt berre delast ut ein gong til same person/lag.

Grunnlag

Forslag på kandidatar skal vera skriftleg og kort beskrive kandidaten og gje ein vurdering av kandidaten sitt arbeid for kulturlivet. Friviljuge organisasjonar, kulturinstitusjonar, einskildpersonar m.v blir oppfordra til å komme med grunngjeve forslag på kandidatar.

Tildeling

Avgjerd om kven som får prisen, blir teke av det utvalet som får avgjersmynde, etter Sveio kommune sitt delegeringsreglement. Sakshandsamar på kulturavdelinga førebur saka, som blir lagt fram utan forslag til vedtak. Dei som har avgjersmynde kan og fremje forslag på kandidatar, men forslag må vera fremja innan utvalet har starta sitt arbeid.

Utdeling

Utdeling av kulturprisen blir gjort av ordføraren i Sveio kommune ved eit høveleg arrangement.

Forslagsfrist 31. mai

Vedtekne i kommunestyret sak 041105 19.09.05